



## Saksprotokoll

---

**Organ:** Fylkesutvalet

**Møtedato:** 25.04.2012

---

**Sak nr.:** 12/1486-3

**Internt l.nr.** 15755/12

**Sak:** 50/12

**Tittel:** Høring om Europautgreiinga - Noreg sine avtalar med EU

**Behandling:**

**Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

Sogn og Fjordane fylkeskommune vil oppmode norske styresmakter til å prioritere følgjande arbeidsoppgåver når det gjeld offentleg støtte til næringslivet:

- Nivået for bagatellstøtte bør hevast slik at små støttesaker vert avgjort med utgangspunkt i regionalt forma konkurransepolitikk.
- Sikre kriterium for regionalstøtte som ivaretek føresetnader for ein aktiv distriktspolitikk.
- Forenkle regelverket og i større grad tillate regionalpolitisk skjøn.

**Endringsframlegg:**

**Arbeiderpartiet sette fram slikt framlegg til nytt kulepunkt:**

Fremje forslag om korleis folkevalde organ, både nasjonale, regionale og lokale, i sterkare grad kan trekkjast inn i beslutningsprosessane knytt til EØS-regelverk.

**Avrøysting:**

Fylkesrådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Arbeiderpartiet sitt framlegg om nytt kulepunkt vart samrøystes vedteke.

**Dette gir følgjande endeleg vedtak:**

Sogn og Fjordane fylkeskommune vil oppmode norske styresmakter til å prioritere følgjande arbeidsoppgåver når det gjeld offentleg støtte til næringslivet:

- Nivået for bagatellstøtte bør hevast slik at små støttesaker vert avgjort med utgangspunkt i regionalt forma konkurransepolitikk.



- Sikre kriterium for regionalstøtte som ivaretek føresetnader for ein aktiv distriktspolitikk.
- Forenkle regelverket og i større grad tillate regionalpolitisk skjøn.
- Fremje forslag om korleis folkevalde organ, både nasjonale, regionale og lokale, i sterkare grad kan trekkjast inn i beslutningsprosessane knytt til EØS-regelverk.